

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 6. mars 2020 10:50  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 10/2020, 6. MARS

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 10/2020, 6. MARS

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### KORONAVIRUS: INFORMASJON PÅ VÅRE NETTSIDER

Høgskulen kjem til å bruke nettsidene for å halde tilsette og studentar informerte om status og utvikling når det gjeld koronaviruset. [Her er informasjon frå 3. mars](#). Vi minner også om høgskulens [pandemi-plan som er å finne i lag med andre styringsdokument](#).

### CORONA-VIRUS: INFORMATION IN ENGLISH

Status and advice for students and staff is [available on our website](#). We are following the national guidelines for responding to the coronavirus and encourages all students and staff to follow closely the information provided by the college, the health authorities and other official sources.

### KVINNEDAGEN 8. MARS: HVO HAR EKSPERTANE

Høgskulen i Volda har mange dyktige forskarar som kan svare på spørsmål om kvinner, kjønn og mangfald. Forskingssjefen og informasjonssjefen har samarbeida om å få ei ekspertliste ut til media i høve kvinnedagen 8. mars. [Her er lista](#). Det vil bli laga fleire ekspertlister på aktuelle tema framover, så ta gjerne kontakt om du har tips og råd.

### STYREMØTET 5. MARS

Høgskulestyret hadde møte torsdag 5. mars. Som vanleg vart møtet strøyma og [videoen er tilgjengeleg på våre nettsider](#). Her er [lenke til dei offentleg tilgjengelege sakspapira på møtet](#).

### STYREMØTET (2): DEKANSTILLINGA PÅ MEDIEFAG BLIR LYST UT PÅ NYTT

Høgskulestyret hadde oppe som sak tilsetting av dekan på Avdeling for mediefag for åremålsperioden som tek til 1.9.2020. [Styret vedtok å lyse ut stillinga på nytt](#).

### STYREMØTET (3): BETRING FOR MASTERUTDANNINGAR

Det har nett vorte oppdaga ein feil i DBH-statistikken for høgskulen i Volda når det gjeld gjennomføring av master og bachelor-utdanningar for dei fem siste åra. Med retta tal viser det seg på masterutdanningane at høgskulen har hatt ei samanhengande positiv utvikling for alle åra 2015-2019. I 2015 var det 12 prosent av masterstudentane som fullført på to år og i 2019 har dette talet kome opp i 28 prosent. Også for bachelorutdanningar var det betre tal for to år.

### STYREMØTET (4): FORLENGA KALLING FOR BJØRN SMESTAD

Høgskulestyret vedtok å forlenge kallinga av [dosent II Bjørn Smestad](#) frå 1.8.2020 til 31.7.2023. Smestad arbeider til dagleg som dosent i matematikdidaktikk ved Oslo Met og er på Høgskulen i Volda tilknytt institutt for realfag.

### STYREMØTET (5): KALLING AV SAMANTHA MOORE

Høgskulestyret vedtok å kalle [Samantha Moore, Senior lecturer ved Manchester School of Art](#) til stilling som førsteamanuensis II ved Avdeling for mediefag for tida 1.8.2020 til 31.7.2022.

I stillinga på AMF skal ho arbeide med rettleiing på masteroppgåver, strategisk utvikling av bachelorgraden, arbeid i forskingsgruppa «Animasjon før og no», og på andre måtar støtte opp om det vitskapelege arbeidet på animasjon.

### **PUBLISERING (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når ei bok har kome ut eller lenke til ein artikkel som har vorte publisert og gjort tilgjengeleg i eit tidsskrift.

### **PUBLISERING (2): ARTIKKEL I SKRIFTSERIEN "SCIENCE AND RELIGION"**

Helga S. Løvoll (AKF) og Knut-Willy Sæther (AHL) har publisert ein artikkel i lag med Mark Graves i skriftserien "Issues in Science and Religion" som har kome ut på Springer forlag. Knut-Willy Sæther er også medredaktør for boka. Artikkelen har tittelen: "[Friluftsliv: Aesthetic and Psychological Experience of Wilderness Adventure](#)". Boka er ein publikasjon under paraplyen til den internasjonale forskingsorganisasjonen [ESSSAT \(European Society for the Study of Science and Theology\)](#).

### **PUBLISERING (3): ARTIKKEL I ANTOLOGIEN "LITERACYDIDAKTI I FAGENE I UDSKOLINGEN"**

Professor Siv Måseidvåg Gamlem har bidrege med artikkelen "Dybdelæring, læringsmål og utvikling af literacy" i antologien "Literacydidaktik i fagene i udskolingen" [som er utgitt på forlaget Dafolo](#). Redaktørar for antologien er er Kirsten Friis og Dorte Østergren-Olsen.

### **PUBLISERING (4): ROAR AMDAM HAR PUBLISERT PÅ KOMMUNETORGET.NO**

Professor Roar Amdam, ASH, har fått publisert artikkel på Kommunetorget.no. [Temaet er samarbeidsdriven planlegging](#).

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

5.3.2020: [Styremøte 1/2020, høgskulestyret](#), HVO

5.3.2020: [Seminar, Framtidslaben \(Ålesund\): "Jakta på EU-milliardane"](#)

9.-10.3.2020: [Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"](#)

11.-12.3.2020: [Nasjonal erfaringskonferanse for matematikk](#), Ålesund

18.-19.3.2020: Seminar for alle administrativt tilsette, Loen

19.-20.3.2020: [Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar](#), HVO

22.3.2020: [Vårkonsert med symfoniorkesteret: Ein hyllest til Beethoven](#)

22.-24.3.2020: [SEANSE: Tverrfagleg kunstverkstad](#), Bergen

23.-24.4.2020: [Skuleleiarkonferansen: Tema, meistring](#), Molde

24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF

25.-26.3.2020: [Solstrand-seminaret](#), UH Nett Vest, Solstrand - Os

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

30.-31.3.2020: [Seminar: "Digital skaparkraft og dømmekraft"](#), HVO

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

16.-19.4.2020 [X2-festivalen](#)

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse, HVO

22.-26.4.2020: [Dokumentarfilmfestivalen](#), Volda

23.-24.4.2020: [Skuleleiarkonferansen - tema: Meistring](#), Molde

23.4.2020: [Styremøte 2/2020](#) + 24.4.2020: Styreseminar - strategi, Union Øye

24.4.2020: [Fagdag: "Konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hos barn og unge"](#), HVO

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk, HVO

17.5.2020: [Nasjonal festkonsert med Symfoniorkesteret](#), Volda

4.6.2020: Etatstyringsmøte 2020, KD, på HVO

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#), HVO

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

8.-19.6.2020: [SEANSE: Kunstnaropphald](#), HVO

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

[Orientering til høgskulestyret, styremøtet \(5.3.2020\)](#)

[Framlegg til nye språkpolitiske retningslinjer: Høgskulen tek større ansvar for nynorsk \(25.2.2020\)](#)

[Helsing til doktorand Anne Randi Fagerlid Festøy \(22.2.2020\)](#)

[Alle blogginnlegg](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

